

# INNKALLING TIL MØTE I FORSKINGS- OG FORMIDLINGSUTVALET

**TYSDAG 20. FEBRUAR 2017 kl. 12.15 – 14.00**

**Stad:** Rom 435 HF-bygget

**Innkalt:** Eike Schnall (leiar), Gjert Kristoffersen, Henning Laugerud, Christine Hamm, Erik Bjerck-Hagen, Gunnstein Akselberg, Synne Ytre Arne og Sunniva P. Johansen.

**Skrivar:** Anne Berit Apold

## **Saker:**

- I Godkjenning av innkalling
- II Framlegging av referat frå møtet 21.11.2017 ([lenke til referatet](#))
  - 1. Forskingsmelding 2017 (til fakultetet) – vedtakssak
  - 2. Forskarutdanningsmelding 2017 (til fakultetet) – vedtakssak
  - 3. Handlingsplan for forskning ved LLE – vedtakssak
  - 4. Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE – vedtakssak
  - 5. Forskargruppene, samlingane og forskarskulane sine årsrapportar 2017 – vedtakssak
  - 6. Rettleiarforum vår 2018 – diskusjonssak
  - 7. Orienteringssaker
    - a) Tilsetting av stipendiatar og utlysing av stipendiatstillingar
    - b) [Frihumsam 2018](#)
    - c) Orientering om aktiviteten i dei lokale forskarskulane  
Orientering v/Erik Bjerck-Hagen og Gunnstein Akselberg
    - d) Orientering om tilsetting i postdoktorstillingar
    - e) Orientering om arbeidet i mellomalderklynga
    - f) Forskningsrådet: revisjon av langtidsplan for forskning.
    - g) Nye retningslinjer for behandling av saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer.
    - h) SPIRE-midler 2018 (6 søknader). Orientering v/Eike
    - i) Peder Sather-midler for 2018-2019
    - j) Prosjektetableringsstøtte (PES) og Posisjoneringsmidler (POS) for Horisont 2020 – nye prosedyrer ved UiB.
    - k) Forskningsdagene 2018 (19. – 30. september)
    - l) Etablering av eige ph.d.-program ved Det humanistiske fakultet

8. Ymse

## SAK 1 Forskingsmelding 2017 (til fakultetet) – vedtakssak

LLE har frist til 7. mars med å sende forskingsmelding til fakultetet.

Forskingsmeldinga skal formelt godkjennast av IR, men FFU har fått i oppgave å leggje fram eit forslag til IR. Det er forventa at meldinga er på 1-2 sider og tek opp 5 spørsmål/tema som fakultetet har bedt oss svare på.

Forslag til forskingsmeldingsmelding for LLE for 2017:

### FORSKNINGSMELDING 2017

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier – LLE

En handlingsplan for forskning er under utarbeidelse og blir lagt fram for FFU ved LLE i februar 2018.

#### **Oppfølging av faglige prioriteringer og tiltak for økt tverrfaglig samarbeid.**

Tverrfaglig samarbeid er et prioritert område i LLEs strategiske plan for 2016 – 2022. Det NFR-finansierte prosjektet *Strafferettens fortellinger* har en tverrfaglig tilnærming, og det samme hadde de nylig avsluttede prosjektene *Contextual Aspects of Text Organization* og *Negotiating History: Photography in Sámi Culture*. De prosjektsøknadene som er under utvikling for årets FRIPRO-utlysning vil, hvis de går inn, føre til utstrakt faglig samarbeid med andre fagmiljøer innenfor humaniora så vel som samfunnsvitenskapelige fagmiljøer. Prosjektet *Frå handskriftsfragment til bokhistorie*, som var finansiert av Bergens forskningsstiftelses rekrutteringsprogram, har blitt slutført og evaluert. Instituttets nye BFS-prosjekt, *Transformations of Medieval Law: Innovation and Application in Early Modern Norwegian Law Books*, legger opp til et samarbeid med det juridiske fagmiljøet ved UiB, og andre partnere ute.

#### **Prioritert forskningssamarbeid med andre forskningsinstitusjoner samt samfunns- og næringsliv – lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Oppfølging av handlingsplan for internasjonalisering.**

Internasjonale forskningssamarbeid er et prioritert område i LLEs strategiske plan for 2016 – 2022, og det satses blant annet på å gi støtte til forskningsopphold i utlandet og mottak av internasjonale gjesteforskere.

Både enkeltforskere, forskergrupper og eksterntfinansierte forskningsprosjekter har et utstrakt samarbeid med andre institusjoner innenfor forskning og samfunnslivet ellers, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt. LLE samarbeider med Universitetsbiblioteket, Det humanistiske fakultet og andre avdelinger ved universitetet om utvikling og forvaltning av forskningsressurser, som for eksempel Språksamlingane og Ludvig Holbergs skrifter.

Arbeidet med å etablere middelalderklyngen er godt i gang, og legger opp et bredt samarbeid med lokale, nasjonale og internasjonale aktører. Det latinske og norrøne fagmiljøet ved LLE har en sentral plass i denne satsingen. Det er allerede etablert et godt samarbeid for eksempel med Bryggen museum. Kunsthistorie har god kontakt med Universitetsmuseet.

Forskergruppen LaMoRe leder det nasjonale infrastrukturprosjektet CLARINO, og ledet INESS (sammen med UNI Research) fram til det ble avsluttet i juni 2017. LaMoRe deltar også i europeiske og nordiske nettverk. Samarbeid med samfunns- og næringsliv blir også ivarettatt ved deltakelse i BTOs pilotprosjekt *Økt tjenesteinnovasjon*, på vegner av middelalderklyngen. Andre fagmiljøer som inngår aktivt i lokale, nasjonale og internasjonale nettverk er digital kultur, allmenn litteraturvitenskap, klassisk kunsthistorie, nordisk litteratur, nordisk språk og teatervitenskap.

LLE stimulerer til internasjonalt samarbeid. Det er blant annet økt fokus på aktiv innrekruttering av forskere via internasjonale program, som for eksempel ERC (MCSA-Marie Curie), Humboldt-Stiftung og andre. Dette vil på kort sikt gi resultat i form av eksterntfinansierte postdoktorer.

#### **Kort status for oppfølging av Handlingsplan for EU-finansierte satsinger**

I alt tre postdoktorer begynner i stillinger ved LLE i løpet av 2018, 2 fra digital kultur og 1 fra norrøn filologi, finansiert med EU-midler (MCSA-IF Fellowship). Jill Walker Rettberg har fått EU-midler (ERC Consolidator Grants) for prosjektet *Machine Vision*.

I LLEs strategiske plan for 2016 – 2022 er det framhevet at instituttet skal utvikle gode interne prosesser som skal øke forskernes motivasjon for å søke om eksternt prosjektstøtte fra EU. Konkrete tiltak er foreslått i ovenfor nevnte handlingsplan for forskning.

#### **Tiltak for økt publisering.**

Økt publisering er et viktig punkt i LLEs strategiske plan for perioden 2016 – 2022. Dette blir fulgt opp med konkrete tiltak i tidligere nevnte handlingsplan for forskning. Et viktig tiltak er at vitenskapelige ansatte skal levere årlige forskingsplaner, blant annet med rullerende planer for publisering, som skal følges opp i medarbeidersamtaler.

#### **Vi ber enhetene vedlegge en oversikt over vitenskapelig ansatte som deltar som evaluator i EU's søknadsbedømming.**

(Liste vil verta lagt inn før meldinga vert sendt til fakultetet)

#### **Forslag til vedtak:**

FFU stiller seg bak forslaget til forskingsmelding for 2017.

## **SAK 2 Forskarutdanningsmelding 2017 (til fakultetet) – vedtakssak**

LLE har frist til 7. mars med å sende forskarutdanningsmelding til fakultetet.

Forskarutdanningsmeldinga skal formelt godkjennast av IR, men FFU har fått i oppgave å leggja fram eit forslag til IR. Det er forventa at meldinga er på 1-2 sider og tek opp 4 spørsmål/tema som fakultetet har bedt oss svara på.

Forslag til forskarutdanningsmelding for LLE for 2017:

-----

### **FORSKARUTDANNINGSMELDING 2017**

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium – LLE

#### **Oppfølging av fakultetet sine prioriteringar for forskarutdanninga. Tilhøvet mellom forskarutdanning og forskingssatsingar.**

LLE har stor fokus på innsatsområda som Handlingsplanen for forskerutdanning 2016- 2022 inneheld: rekruttering, akademisk utvikling, karriereutvikling, doktorgradsrettleggning, internasjonalisering og styrking av innovasjonspotensiale. Instituttet arbeider systematisk med vidareutvikling og kvalitetssikring av ph.d.-opplegget og best mogeleg tilrettelegging for ph.d.-kandidatane. I haustsemesteret har ei arbeidsgruppe jobba med ein handlingsplan for forskarutdanninga som vert lagt fram for FFU i februar 2018.

Skal kvaliteten aukast, er det ikkje nok å arbeide med system og strukturar, ein må ha fokus på dei individuelle stipendiatane og forskarane: det gjeld å skapa rom for danning, kreativ nytenking og individuell profilerande utvikling, begeistring og arbeidslyst. Utover arbeidet med strukturane har LLE med andre ord fokus på stimulerande fagleg-sosial interaksjon, motivasjon og inspirasjon i den direkte kontakten med stipendiatane, rettleiarar og andre aktørar.

#### **Opptak, gjennomstrømming, fråfall, disputasar og underkjenningar – kort skildring av situasjonen og eventuelle tiltak for å betra desse parametrene.**

2017 har vore eitt godt år for LLE med heile ti nye kandidatar i forskarutdanningsprogrammet. Dei fleste kandidatane er tilsett som stipendiatar ved fakultetet, men me har og tatt opp to eksterne kandidatar (ein er tilsett som stipendiat ved Universitetsmuseet og ein er tilsett ved Helse Bergen med finansiering frå NFR-ordninga «Offentleg sektor-ph.d.»). Instituttet arbeider for auka ekstern finansiering, og i samband med nytt ERC-prosjekt får instituttet 3 eksternfinansierte stipendiatar i 2018.

I 2017 hadde LLE ni disputasar; det vart i tillegg levert inn fire avhandlingar for vurdering. Dette er relativt gode tal for instituttet. Kandidatar med ordinær sluttdato i 2017, som ikkje har levert inn avhandling for vurdering på normert tid, vert følgt opp ved instituttet. Prosedyrar for oppfølging er sett i verk i 2017, og instituttet arbeider for å ha tett kontakt med kandidatar som «går over tida» (gjeld kandidatar tatt opp etter ph.d.-forskrifta frå 2013).

Instituttet har framleis nokre kandidatar som har vore lenge i forskarutdannings-programmet. Tettare oppfølging av desse kandidatane vert iverksett. Dei som eventuelt ikkje viser interesse for framdrift i avhandlingsarbeidet, vil verta kontakta for mogleg utskrivning av forskarutdanningsprogrammet. Instituttet ønskjer eit samarbeid med fakultetet om desse prosessane.

Elles kjem LLE til å setja i verk nye tiltak for å betra gjennomstrøminga i forskarutdanninga. Fleire tiltak er skissert i utkast til handlingsplan for forskarutdanning ved instituttet, og nokre forslag til nye tiltak kan nemnast:

- tiltak for å sikra at kandidatane vert godt integrert i fagmiljøet tidleg i ph.d-perioden
- større fagleg tyngde i midtvegsevalueringa
- tilbod om meisterklasse/sluttseminar til alle ph.d.-kandidatar
- utvikla retningsliner kring planlegging av stipendiatane sitt pliktarbeid slik at pliktarbeidet ikkje hindrar gjennomføring på normert tid

### **Rettleiaropplæring og karriererettleiing – skildring av situasjonen og planlagde tiltak. Bruk av professor II stillingar som rettleiarar.**

Instituttet har fokus på rettleiing i møte med ph.d.-kandidat og rettleiar(ar) tidleg i kandidaten sin ph.d.-periode. I 2017 vart det etablert Rettleiarforum ved instituttet. Fyrste møte vart halde i april 2017, og nytt møte i Rettleiarforum er under planlegging. Det vert lagt opp til erfaringsutveksling og diskusjon av aktuelle problemstillinar, og me håpar at rettleiarforumet vil dekkja behovet for rettleiaropplæring ved instituttet. Instituttet ser positivt på dei fakultære og UiB-sentrale tiltak som vert gjort i samband med rettleiaropplæring og vil støtta aktivt opp om tilbod som kjem derfrå.

Dei fleste ph.d.-kandidatane våre har to rettleiarar, og ofte er siderettleiar ekstern. Bruk av professor II stillingar som rettleiarar har ikkje vore vanleg ved instituttet.

LLE gjer ein auka innsats for å leggja betre til rette mtp. den vidare karriereplanen. Informasjon vert gjeven i ramme av forskarskuleaktivitetene; i tillegg vil LLE gjøre rettleiarane og medlemmane i forskar- og prosjektgruppene merksame på at det er viktig å gje ph.d.-kandidatane gode råd på dette feltet.

### **Internasjonalisering – skildring av situasjonen, eventuelle planlagde tiltak for internasjonal rekruttering og for å auka internasjonale opphald for ph.d.-kandidatane**

Instituttet har ein relativt stor internasjonal søkjarmasse til utlyste stipendiatstillingar. Ved siste utlysing (søknadsfrist 6.8.2017) var over halvdel av søkjarane busett utanfor Noreg. Av dei 10 nye ph.d.-kandidatane i 2017 har fire av dei internasjonal bakgrunn.

Instituttet oppmodar alle nye ph.d.-kandidatar sterkt om å vurdere eit utanlandsopphald i ph.d.-perioden, og det vert lagt til rette for dette ved planlegging av stipendiatane sitt pliktarbeid. På grunn av den økonomiske situasjonen har instituttet måtta avvikla ordninga med reisestøtte for

stipendiatar og stipendiatane er såleis avhengig av støtte frå eksterne kjelder. I studieåret 2017/2018 er to ph.d.-kandidatar på lengre utanlandsopphald, ein ved Københavns Universitet og ein ved University of Berkeley.

Elles har fleire av ph.d-kandidaten ved LLE siderettleiar ved eit utanlandsk universitet, noko som bidreg til å utvida kandidaten sitt internasjonale nettverk. Det er ønskeleg at alle ph.d.-kandidatane på instituttet skal vera med på ein eller fleire internasjonale konferansar, og dei aller fleste får denne erfaringa i ph.d-perioden. Instituttet husar jamleg internasjonale gjester, også ph.d-kandidatar. Det vart organisert ein internasjonal postgrad konferanse i norrønt (22 ph.d.-kandidatar, 1 MA-student, + rettleiarar). Siste året har me motteke ein ph.d.-kandidat på lengre opphald ved LLE (frå Ghent University) og me ser at det vert knytt kontakt mellom gjestene og våre ph.d.-kandiatar.

-----  
**Forslag til vedtak:**

FFU stiller seg bak forslaget til forskarutdanningsmelding for 2017.

## SAK 3 Handlingsplan for forskning ved LLE – vedtakssak

På møte i FFU 14. juni 2017 vart det vedteke å setja ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida utkast til handlingsplan for forskarutdanning ved LLE (sak 12/17). Desse personane har vore med i arbeidsgruppa:

Jens Eike Schnall, førsteamanuensis, norrøn filologi, leiar  
Gjert Kristoffersen, professor, nordisk språkvitskap  
Åslaug Ommundsen, professor, mellomalderlatin  
Sigrid Lien, professor, kunsthistorie  
Synne Ytre Arne, stipendiat, litteraturvitskap  
Håvard Peersen, forskingsrådgjevar, sekretær

Gruppa har hatt i alt fire møter, 12. september, 27. september og 17. oktober og 27. november.

Arbeidsgruppa sitt utkast til handlingsplan vert lagt fram for diskusjon i FFU.

### Vedlegg:

Utkast til handlingsplan for forskning.

### Arbeidsgruppa for oppfølging av LLE sin strategi for forskning

### Handlingsplan for forskning ved LLE 2016-2022

#### Nye tiltak / auka fokus

- Vitskapelege tilsette skal levera årlege forskingsplanar, blant anna med rullerande plan for publisering. Planane må følgjast opp i medarbeidersamtaler
- Frikjøp frå undervisning i inntil 2 månader for forskarar som forpliktar seg til å fremja søknader om eksterne prosjektmidlar i forkant av aktuell søknadsfrist
- Klarare kriterium for kva funksjon og struktur forskargrupper/prosjektgrupper skal ha

## 0. Innleiing

I «Strategisk plan 2016 -2022», som Instituttrådet ved LLE vedtok 21. januar 2017, er det eit hovudmål at forskning av høg kvalitet skal oppretthaldast og vidareutviklast. FFU vart bedd om å

følgje opp strategien ved å utarbeida ein handlingsplan. Under behandlinga av saka 28. mars 2017 peika FFU på at det i dette arbeidet vil vera særleg aktuelt å vurdere:

- Forschargruppene sin struktur og funksjon
- Forschargruppene sitt tilbod til ph.d.-kandidatane. (Arbeidsgruppa har også sett på postdoktorane sin situasjon)
- Tiltak som kan bidra til at instituttet får fleire eksternfinansierte forskingsprosjekt
- Innføring av individuelle forskingsplanar

Etter møtet i FFU 14. juni ble følgjande arbeidsgruppe oppnemnd for å utarbeida eit utkast til handlingsplan for forskinga ved LLE:

Jens Eike Schnall, førsteamanuensis, norrøn filologi, leiar  
Gjert Kristoffersen, professor, nordisk språkvitskap  
Åslaug Ommundsen, professor, mellomalderlatin  
Sigrid Lien, professor, kunsthistorie  
Synne Ytre Arne, stipendiat, litteraturvitskap  
Håvard Peersen, forskingsrådgjevar, sekretær

Gruppa har hatt i alt 4 møte, 12. september, 27. september, 17. oktober og 27. november.

## 1. Forschargruppene sin struktur og funksjon

Per i dag er det ulike namn for gruppene ved UiB-HF (t.d. *forschargruppe* (LLE), *forskningsgruppe* (AHKR)), i tillegg blir *prosjektgruppe* og *referansegruppe* brukt.

Arbeidsgruppa foreslår difor følgjande omgrepsmessige differensiering:

- *Forschargrupper* er å forstå som grupper som spring ut av ei gruppe forskarar sitt felles engasjement i eit fagfelt (kan vera tverrfagleg) eller ein disiplin. Aktiviteten i desse gruppene kan spenna frå work-in-progress-diskusjonar til seminar kring bøker/ tekstar, gjesteføredrag, ekskursjonar o.a.
- *Prosjektgrupper* er å forstå som grupper som arbeider i eit felles pågåande forskingsprosjekt i eit avgrensa tidsperspektiv kring felles materiale, felles problemstillingar – ofte med ekstern finansiering eller med eit mål om å søke ekstern finansiering.

Tiltak:



- 1) LLE innfører ei differensiering mellom forskar- og prosjektgrupper, og brukar den systematisk, også med tanke på framtidige evalueringar
- 2) LLE brukar termen **forskargruppe** for ei breiare gruppe som samlar eit fagmiljø eller ei tverrfagleg gruppe (formål: miljøbygging, program for fagleg aktivitet, fagleg rom og forum for stipendiatane, møteplass for forskingsbasert undervisning), og som har eit langsiktig tidsperspektiv
- 3) LLE brukar termen **prosjektgruppe** for ei tematisk spissa gruppe med felles prosjekt og fokus på å realisera og klart definerte prosjektmål. Ei prosjektgruppe har derved eit kortare og klart avgrensa tidsperspektiv
- 4) LLE klargjer administrative og økonomiske rammer:
  - a) Krav til forskargruppene med tanke på deltakarar og aktivitet
  - b) Forskargrupper med faste seminarrekker og tilbod til ph.d.-stipendiatar får ei grunnløyving
  - c) Leiarar av forskargrupper som organiserer tilbod for ph.d.-kandidatar bør få utteljing i timerekneskapen
- 5) Forskar-/prosjektgruppene skal vera den primære kontaktarena for ph.d.-stipendiatane med fagmiljøet. LLE sørger for at oppgåvene til forskar-/prosjektgruppene med tanke på stipendiatane vert avklåra i forhold til oppgåvene til forskarskulane

## 2. Fleire søknader om eksternfinansierte forskingsprosjekt

Den eksternfinansierte prosjektverksemda ved LLE, også kalla Bidrags- og oppdragsaktivitet (BOA), femner om forskning finansiert av Bergens forskningsstiftelse, NFR, EU og andre institusjonar.

Det er viktig for LLE å auka porteføljjen eksternfinansierte prosjekt:

- BOA-prosjekta tel med i grunnlaget for den resultatbaserte delen av budsjett- tildelinga frå Kunnskapsdepartementet
- BOA-prosjekta tilfører instituttet ressursar i form av driftsmidlar og stipendiat- og postdoktorstillingar
- BOA-prosjekta bidrar til at forskarar frå LLE kjem med i tverrfaglege nasjonale og internasjonale nettverk

Arbeidsgruppa foreslår følgjande tiltak (fleire av desse blir praktisert allereie i dag, men er likevel tatt med her av omsyn til samanhengen):

- 1) Forskingsadministrasjonen held i samarbeid med forskingsleiar dei vitenskapelig tilsette jamleg orientert om eksisterande moglegheiter for eksternfinansiering av prosjekt. Samstundes er det viktig at dei tilsette sjølve følgjer med, t.d. gjennom å abonnera på [NFRs nyhendeteneste](#)
- 2) Forskingsleiar og instituttleiar har saman med dei einsskilde fagmiljøa ansvar for identifisering av tilsette som er kvalifiserte for å søkja om eksternfinansierte prosjekt og

for å oppmuntra dei og leggja til rette for at dei skriv søknader. Dette gjeld også yngre forskarar som er i posisjon til å søkja på utlysingar spesielt retta mot unge talent

- a. Fast vitenskapelig tilsette som med utgangspunkt i dette forpliktar seg til å sende inn søknad om prosjektfinansiering ved første relevante søknadsfrist utlyst av t.d. NFR eller ERC, bør kunna søkja om frikjøp frå undervisning som tilsvarer inntil to månader normalt undervisningsomfang
  - b. Som del av støtta bør instituttet vurderer å løyva driftsmidlar til t.d. bevertning ved arbeidsmøte, reiser for å organisere samarbeid med kollegaer ved andre institusjonar etc. Slike løyvingar må baserast på eit grunngjeve budsjett frå søkjaren
  - c. Vidare bør instituttet som del av ei slik støtte i samarbeid med fagmiljøet halda fram med å organisera seminar i forkant av fristen med gjennomgang av prosjekt- og søknadsutkast i form av innspel frå kollegaer og eksterne lesarar
- 3) Fast tilsette forskarar med kort fartstid bør tildelast birettleiaransvar for ph.d.-kandidatar, slik at dei kan innfri dei krava om rettleiarerfaring som no blir stilt til søkjarar på større eksternfinansierte prosjekt.
  - 4) Tilslag på søknader om eksterne prosjektmidlar føreset ofte at ein er med i internasjonale forskarnettverk. LLE vil bidra til danning av slike nettverk gjennom å ha auka fokus på støtte til konferansedeltaking, forskingsopphald i utlandet, gjesteførelingar med meir.
  - 5) Fleire av desse tiltaka er kostnadskrevjande. Instituttrådet må under budsjettbehandlinga kvart år diskutere korleis det kan setjast av tilstrekkeleg med midlar til dei.

Tiltaka nemnde ovanfor må elles skje i samsvar med og under full utnytting av HF sin «verktøykasse» som for tida vert utvikla ved fakultetet.

### 3. Auka publisering

«Tellekantsystemet» er meint å vera eit mål for vitenskapleg publisering på *institusjonsnivå*. På grunnlag av forskarane sine registreringar i Cristin gir NSD i april kvart år ut statistikk over vitenskapleg publisering, det vil seia oppnådde publikasjonspoeng for alle institusjonane i universitets- og høgskulesektoren, ned på institutt- og avdelingsnivå.

Tabellen nedanfor viser poenga for LLE for perioden 2011 – 2016, samanlikna med UiB og HF. Som følgje av ei endring av poengberekninga som vart gjennomført i 2015, som premierer internasjonale samforfattarskap, gjekk LLE sin del av UiB sine samla poeng ned frå 6 % for perioden 2011 – 2014, til 3 % i 2015 og 4 % i 2016.

I 2015 vart det registrert 80 poeng for LLE. 2016 ga eit langt betre resultat. Då oppnådde LLE sine forskarar 124 poeng, som utgjorde nær ein tredjedel av HF sitt samla resultat. Delen av publikasjonar på nivå 2 ved LLE var 18 % i 2016, og 10 % i 2015.

Publikasjonspoeng for LLE, HF og UiB 2011 - 2016

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
LLE	130	104	122	101	80	124
HF samla	434	393	474	374	442	392
UiB samla	1945	2036	2048	1956	3058	3223
LLE sin del av HF	30 %	26 %	26 %	27 %	18 %	32 %
LLE sin del av UIB	7 %	5 %	6 %	5 %	3 %	4 %

Korkje NSD eller Cristin gir ut tal for enkeltpersonar. Men Cristin gir oss tilgang til rådata, og ved hjelp av dette materialet utarbeider instituttet oversikter som viser poengfordelinga mellom instituttet sine tilsette, og mellom instituttet sine fagområde.

Dette materialet viser at mellombels tilsette på prosjekt (stipendiatar og særlig postdoktor) bidreg med publikasjonar som utløyser publikasjonspoeng. Det same kan seiast om emeriti som fortsatt forskar aktivt. Fokuset her er imidlertid på vitskapleg tilsette i faste stillingar. I oversikta nedanfor er berre fast tilsette i vitskaplege stillingar ved LLE tekne med, i alt 51 personar. Det er av ulike grunnar vanskeleg å gje eit nøyaktig og rettferdig estimat for poeng per tilsett over tid, men det er til ein viss grad teke omsyn til startdato for forskarar som har begynt nyleg, og til sjukemeldingsperiodar for forskarar med sjukemeldingar over lang tid. Sjølv om det ikkje er mogleg å gje eit millimeterpresist uttrykk for den einskilde forskaren sin publiseringsevne, skulle oversikta gje ein peikepinn på korleis det står til.

Gjennomsnittlege poeng pr. år for fast tilsette LLE-forskarar for perioden 2012–2016

Poengintervall	0–0,49	0,5–0,99	1,0–1,99	2,0–3,99	4 +
Tall personer	19	8	11	10	3
Prosent	39 %	16 %	22 %	20 %	6 %

44 % av ein vitskapleg tilsett si arbeidstid skal brukast til forskning, og dette må sjåast på ikkje berre som ein rett, men òg som ei plikt. Spørsmålet er kva som vil vera eit rimeleg resultatmål for den einskilde si publiseringsevne, målt i publiseringspoeng. Etter den såkalla «Fagerbergmodellen» vart det i si tid gjeve kr. 20 000 i personlege belønningssmidlar til forskarar ved UiB som hadde oppnådd 1 poeng i snitt over sist gjeldande tre-års periode. Arbeidsgruppa foreslår at resultatmålet for kvar forskar i tråd med dette vert sett til 1 poeng i snitt over dei siste fem åra.

Om vi tar utgangspunkt i dette som eit rimeleg mål, er det urovekkjande at så mykje som 55 % av dei fast tilsette ikkje når opp til dette i snitt over ein periode på fem år. Det kan likevel vere fleire grunnar til dette:

- Skeiv arbeidsbelastning, der andre oppgåver som undervisning, administrasjon og verv stel av forskningstida
- Forskingstida vert brukt på publikasjonar som ikkje gir utteljing, til dømes lærebøker
- Utfordringar innanfor fagområde der forskarane framskaffar data for andre si forskning (datalogvistikk), utan at dei sjølve får publisert forskingsresultat i teljande kanalar
- Fråvær av støtte i fagmiljøet
- Manglande motivasjon og tru på egne evner som forskar
- Helsemessige forhold.

Arbeidsgruppa foreslår følgjande tiltak:

- (1) Med utgangspunkt i arbeidstidsrekneskapane for kvar einskild, arbeider LLE vidare med å sikra at alle vitskapleg tilsette over tid blir sikra 44 % av arbeidstida til forskingsrelatert arbeid, inkludert eiga forskning.
- (2) LLE innfører ei ordning der noko av belønningsmidlane som instituttet får for publiseringa vert tilbakeført til dei som har publisert.
- (3) LLE innfører ei ordning der alle vitskapleg tilsette, til dømes ved slutten av kvart år, leverer ein kort forskingsplan til instituttet. Instituttleiar gjennomfører ein medarbeidarsamtale med dei som ikkje har oppnådd minimumstalet for publikasjonspoeng, der det vert diskutert kva instituttet og kva forskaren kan bidra med for å auka publiseringa. Erfaringane frå samtalane skal anonymiserast og samlast, og nyttast i instituttets arbeid for å fremje publisering.
- (4) Instituttleiinga fastset og kunngrer det forventa minimumsomfang av publisering for dei tilsette ved instituttet.
- (5) LLE oppmodar til sampublisering. Sampublisering vil bidra til kvalitativt betre forskning, og vil fremja nasjonalt og internasjonalt samarbeid.

#### **4. Internasjonalisering**

Internasjonalisering er eit overordna strategisk mål for UiB, for HF og for LLE. Når det gjeld forskning, etterlyser UiB sin handlingsplan for internasjonalisering «ein internasjonal, interkulturell og global dimensjon». LLE stimulerer t.d. til ansattmobilitet på alle nivå og legg til rette for rekruttering av og samarbeid med internasjonale forskarar, forskning innafor internasjonale prosjektkonsortium og publisering gjennom internasjonalt renommerte publikasjonskanalar. Tiltak som er viktig i denne samanhengen er nemnd andre stader i dette dokumentet, t.d. at LLE vil fremja deltaking på internasjonale konferansar, forskingsopphald i utlandet, gjesteførelingar, internasjonal sampublisering, fokus på BOA-prosjekt etc. Arbeidsgruppa minner likevel om at mål som dette er lite verd dersom instituttet ikkje set av

midlar i budsjettet til denne typen tiltak.

#### **5. Situasjonen for stipendiatar og postdoktorar**

Stipendiatar og postdoktorar er ein viktig ressurs for instituttet, både på grunn av forskinga deira og innsatsen dei legg ned i form av pliktarbeid. LLE skal leggja til rette for at dei vert ivaretatt på best mogeleg måte.

Situasjonen for stipendiatane er omtalt i eit eige plandokument. Situasjonen for postdoktorane er gjort greie for i eit eige vedlegg til denne planen.

Vedlegg 1.

### **Strategisk plan for LLE 2016 – 2022. Vedteken av instituttrådet 26.01.2017**

Den strategiske planen for LLE er forankra i den strategiske planen for Det humanistiske fakultet 2016–2022 og gjeld perioden til og med 2022.

#### I Kva er LLE i 2016?

LLE er eit institutt med mange fag og program. Fagporteføljen består av allmenn litteraturvitskap, digital kultur, klassiske fag, kunsthistorie, lingvistiske fag, nordisk språk og litteratur og teatervitskap. Korleis litteratur, språk og estetikk skaper og blir skapt av kultur, historie, samfunn og identitet, er viktige spørsmål for studentar og forskarar på instituttet.

Den strategiske planen for Det humanistiske fakultet set opp fire overordna mål:

1) kvalitet i forskning, kunstnarleg utviklingsarbeid og utdanning, 2) tverrfagleg forskning og utdanning, 3) internasjonalisering og 4) synlegheit og deltaking i samfunnet.

Instituttet deler og er forplikta på desse måla og dei sentrale kjerneverdiane for fakultetet:

Forskinga ved fakultetet skal vere fagleg autonom, grundig, ærleg og kritisk open. Faga ved fakultetet skal ta ansvar for og bidra til at forskinga ved universitetet held høg etisk standard og syner tydeleg samfunnsansvar.

#### II LLE fremmar internasjonalisering

Internasjonalisering er ein integrert del av all verksemd ved LLE. Forsking og utdanning ved LLE har ein internasjonal profil i alle ledd. Internasjonal kontakt gjennom rekruttering av internasjonale studentar, kandidatar og vitskapleg tilsette, og utveksling av studentar, tilsette og samarbeidspartnarar, er avgjerande for studium og forskning på litteratur, språk og estetikk på alle nivå. Anten det blir studert ut frå litterære, estetiske eller lingvistiske innfallsvinklar, er norsk språk, internasjonal språkkompetanse og parallellspråklege tilnærmingar viktige tema for LLE i forskning, utdanning og formidling. LLE tar ansvar for å stimulere til språkpolitisk debatt og drive ein språkpolitisk praksis som er i samsvar med den offisielle norske språkpolitikken for universitets- og høgskulesektoren.

### III Hovudutfordringar og overordna intensjonar

LLE vil gjennomføre undervisning, forskning, forskarutdanning og formidling av høg internasjonal kvalitet.

LLE vil ta vare på den faglege breidda og kombinere fagleg styrke med tverrfaglege samarbeidsformer.

LLE vil kommunisere dei faglege aktivitetane i fruktbart samarbeid med samfunnet gjennom formidling og anna utoverretta arbeid.

LLEs ulike fagmiljø vil vere sentrale møteplassar for å utvikle godt arbeidsmiljø, gode relasjonar mellom studentar og tilsette og dermed eit godt læringsmiljø.

LLE vil verne om forskningstida for dei vitenskapleg tilsette.

LLE vil arbeide for å sikre studieprogram og faggrupper ei forsvarleg bemanning.

LLE vil ta eit heilskapleg ansvar for forvaltning av fagporteføljen for å sikre det faglege mangfaldet ved instituttet.

Med basis i grunnforskinga ved instituttet vil LLE skape ein kultur for prosjektutvikling og prosjektinnhenting frå eksterne kjelder.

LLE vil halde fram med å tilby ei forskarutdanning av høg kvalitet som sikrar kandidatane fagleg utvikling.

LLE vil systematisk synleggjere arbeidslivsrelevansen av utdanningane ved instituttet frå bachelorgrad til doktorgrad.

LLE vil kontinuerleg vidareutvikle ein styringsstruktur som fremmar deltaking og medverknad på tvers av fag- og stillingsgrenser.

### IV Konkrete mål

#### a) Forsking

Mål: oppretthalde og vidareutvikle forskning av høg kvalitet

LLE legg til rette for at både enkeltforskarar og grupper av forskarar kan utvikle gode forskingsprosjekt som det er mogeleg å gjennomføre innanfor ei planlagd tidsramme.

Forskargruppene ved LLE har ei formålstenleg organisering og ein sentral status i prosjektinnhenting og prosjektgjennomføring. Instituttet oppmuntrar til tverrfagleg forskingssamarbeid.

LLEs vitenskapleg tilsette prioriterer publisering i godkjende kanalar nasjonalt og internasjonalt og har ein plan for forskning og publisering.

Forskingspubliseringa ved instituttet har høg fagleg kvalitet. Open tilgang og publisering i akkrediterte kanalar er viktige verkemiddel for å nå dette målet.

LLE samarbeider med Universitetsbiblioteket, fakultetet og andre avdelingar om utvikling og forvaltning av forskingsressursar og annan infrastruktur i lys av fakultetets arkiv- og samlingsstrategi. Fagmiljøa ved LLE er ei fagleg drivkraft i utviklinga av desse ressursane.

LLE støttar internasjonalt forskingssamarbeid, forskingsopphald i utlandet og mottak av internasjonale gjesteforskarar.

#### b) Forskarutdanning

Mål: tilby forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid

LLE tilbyr eit attraktivt forskarutdanningsmiljø både for nasjonale og internasjonale forskarrekruttar.

LLE kvalifiserer kandidatar til forskarutdanninga gjennom mastergraden og motiverer dei beste studentane til å halde fram med ein doktorgrad.

Ph.d.-kandidatane får tilbod om god fagleg og sosial integrasjon, både når det gjeld opplæringsdelen og arbeidet med avhandlinga, gjennom tett samarbeid mellom rettleiar, forskargrupper og forskarskulane ved instituttet.

Instituttet oppmuntrar til, og hjelper til med å organisere, lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane. Kandidatane får også hjelp til å etablere annan kontakt med internasjonale forskingsmiljø.

Alle ph.d.-kandidatar får tilbod om minst éin hovudrettleiar og minst éin siderettleiar. Rettleiarane får tilbod om tilrettelagd opplæring.

#### **Vedlegg 2: Tilrettelegging for postdoktorar**

LLE sikrar ei god fagleg-sosial integrering av postdoktorane i instituttet og tilbyr gode rammer for karrierebygging og vitskapleg utfolding.

#### **Rekruttering**

LLE arbeider for å rekruttera toppsjikta av unge forskarar til sine postdoktorstillingar. LLE aukar innrekruttering av eksternfinansierte postdoktorar.



Tiltak:

- (1) LLE gjør postdoktor-utlysingane kjende via nasjonale og internasjonale nettverk og informasjonskanalar.
- (2) LLE oppmuntrar fagmiljøa og enkeltforskarar til å drive aktiv og målretta rekruttering av eksternfinansierte postdoktorar via institusjonelle og personlege nettverk (MSCA, Humboldt, etc.).

### **Karrierebygging**

LLE legg til rette for individuelle karriereutviklingsprogram.

Tiltak:

- (1) LLE sørger for ei avklaring av forskings- og karrieremål og at postdoktorane får råd om karriereplanlegging, publikasjonsstrategi og tidsplanlegging.
- (2) LLE går inn for ei mentorordning for postdoktorar, dvs. ein erfaren forskar vert mentor for dei.
- (3) LLE kartlegg kva som vil vera passande støtteinstrument for den vidare karrierebygginga (t.d. ikkje obligatoriske workshops, både for dei fast tilsette og postdoktorane, ein postdok-dag etc.).
- (4) LLE har fokus på kva framtidige arbeidsgjevarar sannsynlegvis vil forventast av ein ferdig postdok og formidlar dette i medarbeidarsamtaler.

### **Pliktarbeid: undervisning, formidling, rettleiing**

LLE ser postdoktorane som ein viktig ressurs òg. Pliktarbeidet vert følgt opp, og det vert sikra at instituttet sine interesser og ansvar er ivaretatt.

Tiltak:

- (1) LLE skapar klarheit om omfang for undervisning og andre typar pliktarbeid og om hierarki, dvs. kven som kan disponera over pliktarbeidet.

- (2) LLE etablerer eit administrativt system for pliktarbeid til postdoktorane (timerekneskap, administrativ forankring).
- (3) Postdoktorane får delta på kurs som elles er opne for gruppe A.
- (4) LLE støtter postdoktorane i konferanse- og workshop-organisasjon. Dei kan føra slike aktiviteter som pliktarbeid.
- (5) LLE støtter postdoktorane i formidlingsverksemd som òg kan førast som pliktarbeid.
- (6) LLE involverer postdoktorane i rettleiing, hovudsakleg masterrettleiing, i tillegg bidrag til ph.d.-rettleiing. Begge delar har relevans for CVen og dermed for karrierebygging.

### **Søknader / eksternfinansierte følgeprosjekt:**

LLE støtter postdoktorane i å utvikla gode søknader for neste karrieresteg (t.d. EU-, BFS- og NFR-søknader). LLE oppmuntrar til postdoktorane går tidleg i gang med prosjektbygginga til følgjeprojektet.

- (1) LLE utviklar eit støtteapparat som kan sikra postdoktorane sjølvstende i å utvikla følgjeprojekt.
- (2) LLE sørger for betre sentral informasjon om aktuelle utlysingar og for informasjonsdeling ifm. prosjektbygging og søknadsskriving.
- (3) LLE går inn for oppretting av ein *career office* (SiB-bygget) for postdoktorar (og ph.d.-stipendiatar)

### **Forskning og publisering**

Postdoktorane er sjølvstendige når det gjeld å gje struktur kring eige prosjekt og å etablere nettverk. Internt er det viktig med tilknytning til ei aktiv forskargruppe / prosjektgruppe. Eksterne nettverk er støttande i mange aspekt, men sentral for feltet forskning og publisering. Driftsmidlar betyr ei svært viktig hjelp i å realisere prosjekta. Instituttet kan støtta og fremja forskning og publisering ytterlegare ved følgjande tiltak.

Tiltak:

- (1) LLE hjelper med å identifisere og velje (poenggjevande) vitenskaplege tidskrift og forlag til publisering.

(2) LLE legg til rette for publisering av forskingsresultat under postdoktorperioden.

(3) LLE gjer postdoktorane merksame på at dei jar rett til å søkja på internt utlyste forskingsmidlar ved behov.

#### **Adminstrasjon:**

Tiltak:

(1) LLE utviklar ei sjekklister for oppstarten til postdoktorperioden (rom, datamaskin)

(2) LLE gjer postdoktorane kjende med instituttet sine prosessar og presenterer dei for den samla staben inkl. administrasjonen.

(3) Høg prioritet, essensielt viktig og ønskt: Postdoktorar vert støtta via **medarbeidarsamtaler**. Dei får feedback, offisiell anerkjenning, støtte og oppmuntring.

(4) Postdoktorar får klare signal om instituttet vil og kan arbeida for at postdoktoren kan ha ei framtid ved LLE, og under kva premissar.

#### **Semester ute / internasjonalisering**

Utanlandsopphald, ERASMUS-lærarutveksling etc. kan vera ei viktig erfaring og viktig for den framtidige karrieren.

Tiltak:

(1) LLE tar moglege utanlandsopphald opp med postdoktorane allereie i oppstartsfasen.

(2) LLE tydeleggjør at lærarutveksling kan inngå i pliktarbeidet.

#### **Forslag til vedtak:**

FFU stiller seg bak forslaget til handlingsplan for forskning ved LLE

## SAK 4 Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE – vedtakssak

På møte i FFU 14. juni 2017 vart det vedteke å setja ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida utkast til handlingsplan for forskarutdanning ved LLE (sak 12/17). Desse personane har vore med i arbeidsgruppa:

Jens Eike Schnall, førsteamanuensis, norrøn filologi, leiar  
Erik Bjerck-Hagen professor, allmenn litteratur  
Henning Laugerud, førsteamanuensis, kunsthistorie  
Sunniva Petersen Johansen, stipendiat, nordisk fagdidaktikk  
Juliane Tiemann, stipendiat, norrøn filologi  
Anne Berit Apold, ph.d.-koordinator, skrivar

Gruppa har hatt i alt fire møter, 12. september, 26. september, 17. oktober og 7. november. Utkast til handlingsplan for forskarutdanning vart drøfta i FFU 21.11.2017. Innspel frå FFU er innarbeidd i planen og nytt utkast har vore på sirkulasjon i arbeidsgruppa. Oppdatert utkast til handlingsplan vert lagt fram for drøfting i FFU.

Vedlegg: Utkast til handlingsplan for forskarutdanning.

### Handlingsplan for forskarutdanning ved LLE 2016 - 2022

#### Nye tiltak / auka fokus:

- 1. Ved oppstart: tilknytning til aktiv forskar-/prosjektgruppe, presentasjon av ph.d.-prosjekt** (sikrast m.a. via "startsamtale", med kandidat, rettleiar, forskingsleiar, forskingsadmin.)
- 2. Medarbeidersamtaler** (karriereplanlegging, mål og framdrift i det faglege arbeidet; sikrast av forskingsleiar, gjennomføring: forskingsleiar)
- 3. Utvikling av rutinar for 1-års-møte** (eit møte med hovudfokus på ph.d.-prosjekt, dvs. fagleg diskusjon på grunnlag av innlevert tekst, samt tematisering av mogleg publisering i ph.d.-fasen, internasjonalisering, pliktarbeid, administrative aspekt; sikrast av forskingsleiar)
- 4. Vidareutvikling av midtvegsevaluering** (større fagleg tyngde; sikrast av forskingsleiar)
- 5. Utvikling av retningslinjer for pliktarbeidet** (fokus på føreseieleg, føremålstenleg pliktarbeidsløp og jamn fordeling; sikrast av forskingsleiar)

#### Innleiing

I strategisk plan for LLE 2016 – 2022, som vart vedteken av Instituttet 21. januar 2017, er det eit mål å tilby forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid. FFU vart beden om å følgja opp strategien ved å utarbeida ein handlingsplan for forskarutdanning ved instituttet. FFU drøfta saka på møte 28. mars, og det var semje om at det er særskilt viktig å sjå nærare på tilrettelegging for utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane, integrering av ph.d.-kandidatane i fagmiljøa og kva ansvar forskar-/prosjektgruppene og dei lokale forskarskulane har for forskarutdanninga ved instituttet.

På møte i FFU 14. juni 2017 vart det vedteke å setja ned ei arbeidsgruppe som skulle utarbeida utkast til handlingsplan for forskarutdanning. Desse personane har vore med i arbeidsgruppa:

Jens Eike Schnall, førsteamanuensis, norrøn filologi, leiar

Erik Bjerck-Hagen professor, allmenn litteratur

Henning Laugerud, førsteamanuensis, kunsthistorie

Sunniva Petersen Johansen, stipendiat, nordisk fagdidaktikk

Juliane Tiemann, stipendiat, norrøn filologi

Anne Berit Apold, ph.d.-koordinator, skrivar

Gruppa har hatt i alt fire møter, 12. september, 26. september og 17. oktober og 07. november.

Arbeidsgruppa har sett på [UiB sin handlingsplan for forskarutdanning \(for perioden 2016-2022\)](#) som har følgjande sentrale innsatsområder; rekruttering og akademisk utvikling, karriereutvikling for doktorgradskandidatar, doktorgradsrettleggning, internasjonalisering og innovasjon. Medan UiB sin handlingsplan legg vekt på aktivitetar som skal følgjast opp av dei sentraladministrative einingane og fakulteta, må me på LLE utarbeid delmål og tiltak som kan gjennomførast ved instituttet og bidra til at instituttet når måla i instituttet sin strategi for forskarutdanning.

LLE sin strategi for forskarutdanning er formulert slik:

*Mål: tilby forskarutdanning på høgt internasjonalt nivå som sikrar kandidatane akademisk utvikling og gjennomføring på normert tid*

- *LLE tilbyr eit attraktivt forskarutdanningsmiljø både for nasjonale og internasjonale forskarrekruttar.*
- *LLE kvalifiserer kandidatar til forskarutdanninga gjennom mastergraden og motiverer dei beste studentane på lågare grad til å halde fram med ein doktorgrad.*
- *Ph.d.-kandidatane får tilbod om god fagleg og sosial integrasjon, både når det gjeld opplæringsdelen og arbeidet med avhandlinga, gjennom tett samarbeid mellom rettleiar, forskargrupper og forskarskulane ved instituttet.*

- *Instituttet oppmuntrer til, og hjelper til med å organisere, lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane. Kandidatane får også hjelp til å etablere annan kontakt med internasjonale forskingsmiljø.*
- *Alle ph.d.-kandidatar får tilbod om minst éin hovudrettleiar og minst éin siderettleiar. Rettleiarane får tilbod om tilrettelagd opplæring.*
- *LLE legg til rette for aktiv karriereplanlegging for ph.d.-kandidatar og legg vekt på å synleggjere arbeidslivsrelevansen ved ph.d.-graden.*

Disposisjon:

- 1) Situasjonen i tal
- 2) Rekruttering av nye stipendiatar
- 3) Fagleg og sosial integrasjon
- 4) Karriereutvikling
- 5) Internasjonalisering, nettverksbygging
- 6) Rettleiing og institusjonell oppfølging
- 7) Pliktarbeid

## 1. Situasjonen i tal

Sidan LLE vart oppretta er det tatt inn 107 kandidatar i phd.-programmet. Halvparten av desse kandidatane har disputert (54 ph.d., 4 dr.philos og 5 dr.art). Mange av dei øvrige er framleis innanfor ordinær ph.d.-periode/finansiering. Tabellen under viser status for desse 107 kandidatane. Det er viktig å merka seg at fleire av kandidatane vart tatt opp til doktorgradsutdanninga før 2007.

### ***Kandidatar registrert i ph.d.-programmet ved LLE 2007-2017 (sept)***

<i>Status for ph.d-kandidat:</i>	
Fullført	54
I ordinær ph.d.-periode	30
Levert avhandling for vurdering	4
«Over tida»	11
Slutta/ikkje aktiv	8
<b>Totalt</b>	<b>107</b>

Det er om lag ein frå kvart kull som sluttar og ein som er «over tida» og ikkje har levert inn avhandlinga. Det betyr at tala av dei sistnemnde har akkumulert seg slik at det var 11 kandidatar i den rubrikken. Når ein ser på kor mange som gjennomfører på normert tid, kjem det fram at berre 40% av dei som har fullført har levert på normert tid i tiårsperioden 2007-2017. Det er tydeleg at LLE bør ha auka fokus på gjennomføring på normert tid.

## 2. Rekruttering av nye stipendiatar

*LLE tilbyr eit attraktivt forskarutdanningsmiljø både for nasjonale og internasjonale forskarrekruttar. LLE kvalifiserer kandidatar til forskarutdanninga gjennom mastergraden og motiverer dei beste studentane på lågare grad til å halde fram med ein doktorgrad.*

LLE jobbar kontinuerleg for at masterkandidatane våre får ei god oppfølging samtidig med at utlysingane blir systematisk og målretta kunngjort for potensielle utanlandske søkjarar. LLE arbeider for å få inn søknader på høgste faglege nivå.

*Tiltak:*

(1) Interne masterkandidatar får informasjon om ph.d.-løpet (via informasjonsskriv, årlege møte - institutt, forskingsleiing, rettleiar). Gode kandidatar blir oppmuntra om å søkja, og dei får rettleiing med å førebu ein konkurransedyktig søknad (ansvar: rettleiar, fagmiljø).

(2) Utlysingane vert spreidd i dei faglege nettverka, via mediale nettverk (facebook) og via internasjonale mailinglister (ansvar: alle vitenskaplege tilsette, oppfølging: institutt).

(3) LLE satsar på kjapp søknadshandsaming for ikkje å mista dei beste søkjarane.

(4) LLE satsar på betre internasjonal rekrutteringa og har fokus t.d. på søknads-/publikasjonsspråk, søking med eigne midlar / overhead-problematikk (ansvar: institutt).

## 3. Fagleg og sosial integrasjon

*Ph.d.-kandidatane får tilbod om god fagleg og sosial integrasjon, både når det gjeld opplæringsdelen og arbeidet med avhandlinga, gjennom tett samarbeid mellom rettleiar, forskargrupper og forskarskulane ved instituttet.*

### 3.1 Integrasjon i fagmiljøet

Instituttet arbeider for at kandidatane skal verta godt integrerte i fagmiljøet og at fleire enn rettleiarane skal kjenna ansvar for kandidatane. Kandidatane skal vera knytt til eit aktivt forskingsmiljø som t.d. forskargruppe eller prosjektgruppe.

*Tiltak:*

(1) Kandidaten vert introdusert for tilsette i fagmiljøet dei fyrste dagane av doktorgradsperioden (ansvar: rettleiar).

(2) Tilknytning til forskingsmiljø skal vera eit sentralt tema tidleg i kandidaten sin doktorgradsperiode og dette vert tatt opp i «startsamtale» med kandidat og rettleiar (ansvar: forskingsleiar).

(3) Kandidaten vert introdusert for aktuelt forskingsmiljø (ansvar: rettleiar).

(4) Tilknytning til forskingsmiljø vert følgt opp og registrert i det administrative systemet og det vert følgt opp under kandidaten si midtvegsevaluering (ansvar: administrasjon).

(5) Kandidaten presenterer prosjektet sitt for forskingsmiljøet tidleg i doktorgradsperioden (ansvar: kandidat, rettleiar).

### **3.2 Integrasjon i stipendiatmiljøet**

LLE legg til rette for at doktorgradskandidatane har fagelge og sosiale møteplassar seg i mellom.

(1) Oppretthalda lokale forskarskular (ansvar: instituttleiinga).

(2) Sikra at kandidatar og rettleiarar er kjent med aktiviteten i forskarskulane. (ansvar: administrasjon).

## **4. Karriereutvikling**

*LLE legg til rette for aktiv karriereplanlegging for ph.d.-kandidatar og legg vekt på å synleggjere arbeidslivsrelevansen ved ph.d.-graden.*

### **4.1. Rettleiing og individuelle karriereutvikling**

LLE arbeider for optimale rettleiingsforhold med tanke på både avhandlinga og karriereutvikling.

*Tiltak:*

(1) LLE følgjer opp stipendiatane sine forskings- og karrieremål og sikrar at dei får råd om karriereplanlegging, publikasjonsstrategi og tidsplanlegging. Dette skjer både i ramme av rettleiinga (ansvar: rettleiarane), rapportering / midtvegsevaluering og medarbeidersamtaler (ansvar: forskingsleiar).

### **4.2. Prosjektutvikling og søknader**

LLE førebur stipendiatane på neste karrieresteg.

*Tiltak:*

(1) LLE støtter tidleg planlegging av og søknader for neste karrieresteg. Stipendiatane får hjelp og trening i form av rettleiings- og medarbeidersamtaler, infomøte og workshops,



møte med postdoktorar og prosjektleiarar (ansvar: rettleiar, forskar-/prosjektgruppene, forskarskulane, forskingsleiing).

(2) LLE informerer stipendiatane om relevante utlysingar og fristar, t.d. i form av regelmessige nyheitsbrev (ansvar: forskingsadministrasjon).

### **4.3. Forsking og publisering**

LLE støtter og legg til rette for tidleg publisering av forskingsresultat i artiklar slik at stipendiatane har betre sjansar når dei søker stillingar eller prosjekt etter stipendiatperioden. Premissen er at stipendiaten si gjennomføring ikkje må setjast i fare. Dette betyr ikkje press på å skriva artikkelbaserte avhandlingar.

*Tiltak:*

(1) LLE opprettheld ordninga med å allokera driftsmidlar til stipendiatane.

(2) Forskar- og prosjektgrupper hjelper stipendiatane med å etablera kontaktnett og gje feedback og tips om konferansar som kan føra til publikasjonar (ansvar: forskar- og prosjektgruppene).

(3) Med tanke på kva som er fordelaktig for stipendiaten hjelper LLE med valet av (poenggjevande) vitenskaplege tidskrift og forlag (ansvar: forskar-/prosjektgrupper, forskarskuler, rettleiar).

(4) LLE støtter sampublisering, t.d. med erfarne forskarar så som rettleiaren og internasjonale forskarar (ansvar: rettleiar).

### **5. Internasjonalisering, nettverksbygging**

*Instituttet oppmuntrar til, og hjelper til med å organisere, lengre utanlandsopphald for ph.d.-kandidatane. Kandidatane får også hjelp til å etablere annan kontakt med internasjonale forskingsmiljø.*

LLE jobbar for at alle stipendiatane har relevant utanlandserfaring og at dei er med i internasjonale faglege nettverk seinast ved slutten av stipendiatperioden. LLE har fokus på problemet med finansiering av utanlandsopphald.

*Tiltak:*

(1) LLE gjør stipendiatane bevisste om fordelane ved eit semester ute og motiverer dei til å reisa ut. LLE informerer på oversiktleg måte om fristar og eksisterande internasjonale

nettverk og om mogelegheiter for å søkja om økonomisk støtte (ansvar: forskingsleiing / forskingsadministrasjon, forskar-/prosjektgrupper, forskarskuler).

(2) LLE støtter tilsvarande planar og følgjer dei systematisk opp gjennom målretta informasjon (ansvar: rettleiarar, forskingsleiing, forskarskuler).

(3) LLE oppmuntrar stipendiatane om å reisa ut i ramme av lærarutveksling (t.d. ERASMUS) og opnar for at slike opphald kan inngå i pliktarbeidet.

(4) LLE jobbar for at utanlandsopphald er lagd inn i framdrifts- og pliktarbeidsplanane til alle stipendiatane (ansvar forskingsleiar / forskingsadministrasjon).

## **6. Rettleiing og institusjonell oppfølging**

*Alle ph.d.-kandidatar får tilbod om minst éin hovudrettleiar og minst éin siderettleiar. Rettleiarane får tilbod om tilrettelagd opplæring.*

Ph.d.-kandidatar bør som hovudregel ha to rettleiarar (jamfør §6.1 i UiB si ph.d.-forskrift), og instituttet held fram med å arbeida for at alle ph.d.-kandidatane har siderettleiar(ar).

*Tiltak:*

(1) Ta opp temaet med siderettleiar med kandidat og hovudrettleiar tidleg i doktorgradsperioden, samt informera om at hovudrettleiar har ansvar for å sikra at samarbeidet med siderettleiar fungerer (forskingsleiar).

(2) Oppretthalda ordninga med at instituttet betalar honorar dersom det er gode faglege grunnar til at doktorgradskandidaten bør ha ekstern siderettleiar (instituttleiinga).

Instituttet støttar opp om opplæring for rettleiarane og legg til rette for fokus på rolla som rettleiar.

*Tiltak:*

(1) Informera om og oppmoda rettleiarar om å ta relevante kurs/e-læringskurs om rettleiing for doktorgradskandidatar (forskingsadministrasjon).

(2) Skipa til Rettleiarforum ved LLE minst ein gong per semester for å setja søkjelys på rettleiing og ha ein lokal møteplass der rettleiarar kan utveksla erfaringar (FFU).

Ved instituttet skal ein i alle ledd gjera sitt beste for at kandidatane kan levera avhandlinga på normert tid. Rettleiar(ar), fagmiljø/ forskar-/prosjektgrupper, instituttleiing og

administrasjon støttar kandidaten for å nå dette målet og bidreg til oppfølging av kandidaten si framdrift.

*Tiltak:*

- (1) Kandidaten sitt prosjekt vert kvalitetssikra tidleg i kandidaten sin doktorgradsperiode (ansvar: kandidat og rettleiar).
- (2) Kandidaten presenterer prosjektet for fagmiljøet hhv. forskar-/prosjektgruppe tidleg i doktorgradsperioden (ansvar: rettleiar, forskar-/prosjektgruppa/fagmiljø).
- (3) LLE sikrar god oppfølging av den årvisse framdriftsrapporteringa (ansvar: forskingsleiar, administrasjon).
- (4) Utvikling av rutinar for 1-års-møte med hovudfokus på ph.d.-prosjekt, fagleg diskusjon av innlevert tekst (framlegg: om lag 25 sider). I tillegg tematisering av mogleg publisering i ph.d.-fasen, internasjonalisering, pliktarbeid, administrative aspekt. Deltakarar i 1-årsmøte: ph.d.-kandidaten, rettleiar, vitskapleg tilsett frå relevant fagområde, forskingsleiar og administrativ tilsett (ansvar: forskingsleiar).
- (5) Utvikla midtvegsevalueringa slik at ho vert meir fagleg tyngde. Midtvegsevaluering vert gjennomført halvvegs i avtaleperioden (ansvar: forskingsleiar).
- (6) Medarbeidarsamtalar med stipendiatane (ansvar: forskingsleiar).
- (7) Møte med kandidat og rettleiar 3 månader før doktorgradsperioden går ut for å sikra «flyt» i slutfasen av prosjektet (ansvar: forskingsleiar, administrasjon)
- (8) LLE arbeider for at alle stipendiatane får høve til å ha meisterklasse (ansvar: forskarskular, oppfølging: forskingsleiar, administrasjon).

## **7. Handtering av pliktarbeidet for stipendiatar**

Instituttet arbeider for at stipendiatane sitt pliktarbeid vert lagt opp slik at det ikkje kjem i vegen for at stipendiatane kan gjennomføra på normert tid, samt sikre at pliktarbeidet vert opplevd som karrierefremjande og rettferdig.

*Tiltak:*

- (1) Sikra at det vert laga ein gode plan for pliktarbeidet tidleg i stipendiaten sin tilsettingsperiode. Planen skal lagast i samråd mellom kandidat, rettleiar og fagkoordinator og godkjennast av instituttet v/forskingsleiar (ansvar: forskingsleiar, administrasjon)
- (2) Utvikle liste med «moment» som kan vera nyttige for både fagmiljø, kandidat og rettleiar i planlegginga av stipendiaten sitt pliktarbeid (ansvar: FFU).

(3) Utvikla retningsliner med tanke på å sikra at kandidatar får lik utteljing i pliktarbeidet på tvers av faga ved instituttet (ansvar: FFU).

(4) Utvikla system

-----

**Forslag til vedtak:**

FFU stiller seg bak forslaget til handlingsplan for forskarutdanning ved LLE

## **SAK 5 Forskargruppene, samlingane og forskarskulane sine årsrapportar 2017 – vedtakssak**

Forskargruppene, samlingane og forskarskulane ved LLE har skrivne årsrapportar for 2017.

Vedlegg: Årsrapportar 2017 (lagt ved som eige dokument)

### **Forslag til vedtak:**

FFU tek årsrapportane til orientering.

## **SAK 6 Rettleiarforum vår 2018 – diskusjonssak**

FFU har ved fleire høve stilt seg positiv til at det vert skipa til Rettleiarforum ved LLE (gjeld rettleiarar for ph.d.-kandidatar), og fyrste Rettleiarforum vart gjennomført i april 2017. Kva tid kan det passa å leggja eit nytt møte i Rettleiarforum og kva kan vera interessante tema å ta opp?

## **SAK 7 Orienteringssaker**

- a) **Tilsetting av stipendiatar og utlysing av stipendiatstillingar**  
Fire stipendiatar er under tilsetting i desse dagar, og det vert om kort tid lyst ut tre stipendiatstillingar ved LLE. I tillegg vert det lyst ut ei stipendiatstilling og ei postdoktorstilling i samband med Helen F. Leslie sitt BFS-prosjekt (norrøn filologi), samt tre stipendiatstillingar og ei postdoktorstilling knytt til Jill W. Rettberg sitt ERC-prosjekt (digital kultur).
- b) **[Frihumsam 2018](#)**  
Orientering om FRIRPRO 2018 – søknadsworkshop 22-23. mars 2018  
Søknadsfristen er 25. april. Orientering v/Håvard og Eike
- c) **Orientering om aktiviteten i dei lokale forskarskulane v/Erik Bjerck-Hagen og Gunnstein Akselberg**
- d) **Orientering om tilsetting i postdoktorstillingar v/Eike**
- e) **Orientering om arbeidet i mellomalderklynga v/Eike**
- f) **Forskningsrådet: revisjon av langtidsplan for forskning.** [Lenke til info på NFR si nettside](#)
- g) **Nye retningslinjer for behandling av saker om mulige brudd på anerkjente forskningsetiske normer – vedtak i universitetsstyret 30.11.2017.** [Retningslinjene](#) er publisert i UiB si regelsamling.
- h) **SPIRE-midler 2018 (6 søknader).** Orientering v/Eike
- i) **Peder Sather-midler for 2018-2019 – Søknadsfristen er 15. mars 2018.** [Lenke til utlysinga](#)

- j) Prosjektetableringsstøtte (PES) og Posisjoneringsmidler (POS) for Horisont 2020 – nye prosedyrer ved UiB. [Lenke til informasjon på FA si nettside](#)
- k) Forskningsdagene 2018 (19. – 30. september)
- l) **Etablering av eige ph.d.-program ved Det humanistiske fakultet**

På møte i Universitetsstyret den 30.11.2017 blei det gjort vedtak om å innføre fakultetsvise ph.d.-program ved UiB, i form av eitt program for kvart fakultet. Informasjonsbrev frå fakultetet datert 26.1.18, samt framdriftsplan for programarbeidet, ligg ved. Saka vart drøfta i FFU på fakultetet 13.3.18, og Eike orienterer om dette. [Sett inn brev og framdriftsplan \(pdf\)](#)



Institutt for framandspråk  
Senter for kvinne- og kjønnsforskning  
Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap  
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium  
Institutt for filosofi og førstesemesterstudium  
Senter for vitenskapsteori

Referanse

2018/1358-ELAK

Dato

26.01.2018

## Etablering av eige ph.d.-program ved Det humanistiske fakultet

På møte i Universitetsstyret den 30.11.2017 blei det gjort vedtak om å innføre fakultetsvise ph.d.-program ved UiB, i form av eitt program for kvart fakultet ([S 129/17](#): Fremtidig organisering og kvalitetssikring av forskerutdanningen ved Universitetet i Bergen).

Universitetsstyret vedtok i same sak å innføre kvalitetssikringssystem for forskarutdanninga ved UiB.

Forskningsadministrativ avdeling har i brev datert 05.01.2018 (ePhorte 17/10495) bedt fakulteta om å førebu oppretting av slike program.

Med utgangspunkt i sentraladministrasjonen sine fristar for oppretting av ph.d.-programma har Det humanistiske fakultet utarbeidd ein plan for programarbeidet ved fakultetet. Planen finn de som vedlegg til dette brevet.

For å ivareta ein kontinuerleg dialog gjennom prosessen bli Institutta med dette oppmoda om å legge til rette for ein intern prosess, og fortløpande kome med sine innspel via forskingskoordinator og ph.d.-konsulent.

Venleg helsing

Anne Beate Maurseth  
prodekan

Elisabeth Akselvoll  
seniorkonsulent

Dette er eit UiB-internt notat som blir godkjent elektronisk i ePhorte

Vedlegg

1 Framdriftsplan



## Fremdriftsplan for oppretting av ph.d.-program ved Det humanistiske fakultet

*Oppfølging av universitetsstyresak 129/17: Fremtidig organisering og kvalitetssikring av forskerutdanningen ved Universitetet i Bergen*

Hva skjer	Når
Brev fra FA til fakultetene: <i>Implementering av programorganisering og innføring av kvalitetssikringsystem for forskerutdanningen ved UiB</i> (ref. 17/10495).	5. jan.
Møte i Nettverk for forskerutdanning: Fakultetet orienterer om bestillingen fra FA.	18. jan.
Legge en plan for fremdrift og forankring ved fakultetet (møte med prodekan og studieseksjonen).	22. jan.
Instituttleder møtet orienteres om FAs bestilling, og fakultetets plan for fremdrift og forankring.	23. jan.
Brev til grunnenhetene: FAs bestilling og planer for videre saksgang. Det inviteres til å komme med innspill via forskningskoordinator og ph.d.-konsulent.	26. jan.
Saken legges frem for Fakultetsstyret	6. feb.
Saken legges frem til drøfting i FFU	13. feb.
Fakultetslederkonferanse: Offisiell kick-off for programarbeidet	21.-22. feb.
Møte i FFU: Det legges frem løypemelding. Et foreløpig utkast til programbeskrivelse skal være klart og det åpnes for drøfting av aktuelle problemstillinger.	21. mars
Grunnenhetenes frist til å komme med innspill til programarbeidet	18. april
Arbeidsgruppens frist for ferdigstilling av programbeskrivelsen	24. april
Møte i FFU: Arbeidsgruppens programbeskrivelse legges frem som vedtakssak. Møtet må samles om en endelig formulering.	2. mai
Behandling i Fakultetsstyret	15. mai
Behandling i Universitetsstyret	30. august